



Austrheim kommune
Sentraladministrasjon
5943 AUSTRHEIM


Vår dato: 12.01.2023

Vår ref.: 202224815-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

APB Fjernvarme Drift AS - Høyring av søknad om fjernvarmekonsesjon i Mongstad industripark i Alver kommune og Austrheim kommune

Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE) har motteke ein søknad av 20.12.2022 frå ABP Fjernvarme Drift AS (ABP). Dei søker i medhald av energilova § 5-1 om konsesjon for eit fjernvarmeanlegg i Mongstad industripark. Området som det blir søkt konsesjon for ligg inne i Mongstad industripark og er vist på kartet under. Størstedelen som blir søkt innlemma i fjernvarmekonsesjonen ligg i Alver kommune, men noko av området er også i Austrheim kommune.



Figur 1: Kartet viser det planlagde konsesjonsområdet. Nærmore informasjon og fleire kart finst i konsesjonssøknaden som kan hentast på NVE sine nettsider.



Søknad

ABP Fjernvarme Drift AS søker om å etablera og drifta eit fjernvarmeanlegg inne i Mongstad industripark. Dei skriv i søknaden at prosjektet inneber ein høgtemperaturkrets og ein lågtemperaturkrets som høvesvis vil tilførast energi frå spillvarme frå raffineriet til Equinor og frå prosessanlegget Vestprosess. Det skal etablerast to varmesentralar for å utnytta begge energitilførslane, éin for kvar krets. Det står vidare i søknaden at den termiske energien vil bli overført frå raffineri og prosessanlegget gjennom ein planlagd underjordisk tunnel. Denne tunnelen skal i tillegg til fjernvarmerøyr innehalda framtidige distribusjonsleidningar av vatn, straum og moglege andre råvareprodukt knytte til industriprosessar. Fjernvarmeanlegget vil forsyna eksisterande industribygg i tillegg til nye eventuelle industrianlegg i konsesjonsområdet. ABP skriv at totalt effektuttak for fjernvarmeanlegget på sikt kan bli 110 MW. For berre den eksisterande bygningsmassen utgjer frigjord straumkapasitet 46 GWh i året.

Høyring av søknaden

Med dette blir søknaden send på høyring. NVE viser til søknaden for nærmere informasjon. Denne er tilgjengeleg på NVE sine nettsider for denne saka: <http://www.nve.no/12990/A>.

NVE ønskjer innspel, både til om saka er godt nok greia ut og til sjølve konsesjonsvurderinga. Me minner i denne samanhengen om at anlegg som blir konsesjonsbehandla i medhald av energilova § 5-1 er friteke byggesak i kommunen, jf. byggteknisk forskrift SAK10 § 4-3.

Fråsegn til søknaden kan sendast via skjema for fråsegn som de finn på nettsidene våre for denne saka.

De kan også sende fråsegn som e-post til uttalelse@nve.no. Merk e-post med «Høringsuttalelse» og saksnummer 202224815 i emnefeltet, og oppgi namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga.

Frist for å sende fråsegn til NVE er onsdag 1. mars 2023.

NVE sender saka på høyring til partar som er viste i vedlagd høyningsliste. Vi ber om at ABP vidaresender dette høyningsbrevet til aktuelle rettshavarar og andre partar i saka. Stadfesting på denne utsendinga skal sendast til NVE. NVE vil kunngjera høyringa i lokalavis. Kostnaden for denne kunngjeringa blir påkosta tiltakshavar.

Med helsing

Svein Grotli Skogen
seksjonssjef

Jo Arne Marvik
førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

**Mottakarliste:**

STATENS VEGVESEN

BERGEN KOMMUNE

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

ASKØY KOMMUNE

Austrheim kommune

MASFJORDEN KOMMUNE

Norsk Fiskeoppdrett AS

Forsvarsbygg

MILJØDIREKTORATET

Norges Miljøvernforbund

BKK AS

NATURVERNFORBUNDET HORDALAND

Kystverket

Avinor AS

Mattilsynet

Bergen og Hordaland Turlag

Vestland Bondelag

Fiskeridirektoratet

Friluftsrådenes Landsforbund - Bergen og Omland Friluftsråd

NORDHORDLAND TURLAG

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

Bjørgvin Bispedøme

Fiskarlaget Vest

Vest Politidistrikt

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

ALVER KOMMUNE

ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD

MELAND SOGELAG

NORDHORDLAND JAKT OG FISKELAG

Kopimottakarliste:

ABP FJERNVARME DRIFT AS